



Tor Halvor Halvorsen
Keilevegen 137
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6887 - 22/76453

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
05.10.2022

Løyve til auka endra/utslepp av avløpsvatn - Slamavskiljar - gbnr 125/10 Kjeilen indre

Administrativt vedtak: **Saknr: 1087/22**

Byggestad: Gbnr: 125/10
Tiltakshavar: Tor Halvor Halvorsen
Ansvarleg søkjar: Vest Vvs As
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for driftsbygning/selskapslokale på gbnr 125/10 Kjeilen indre på følgjande vilkår:

1. Utsleppet skal først til eksisterande slamavskiljar på eigedomen.
2. Utsleppet frå driftsbygningen/selskapslokalet vert gjeve for 5 pe.
3. Slamavskiljaren skal vere plassert slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget skal då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for driftsbygning/selskapslokale på gbnr. 125/10 Kjeilen indre.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal førast til og reinsast i eksisterande 6m³ slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i eksisterande utsleppsledning til terreng. Det er opplyst av storleiken til utsleppet er 5pe. Det vil i hovudsak vera auke i påslepp av urin til anlegget.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.09.2020.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindåsneset og Mongstad nr.1263-200905 er definert som LNF-føremål

Det er gitt dispensasjon for etablering av tiltaket i vedtak datert 22.08.2022 i arkivsak 21/4144.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i dispensasjonssøknaden, arkivsak 22/4144. Det er mellom anna varsla auka bruk av VA-anlegg. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart 19.09.2022.

Anlegg

Ifølge Norva24 sine opplysningar er det registrert 6m³ slamavskiljar på denne eigedomen. Siste tømning av 12.04.2022 og det er ikkje registrert avvik knytt til dette anlegget.

Rørleggarfirma Vest VVS AS ha vurdert eksisterande anlegg og opplyser at det her er 6m³ slamavskiljar i betong med tre kammer. Visuell kontroll av anlegget har ikkje avdekka noko avvik.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i eksisterande 6m² slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i eksisterande tett leidning til terreng.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Utsleppsløyvet fører ikkje til endringar i privatrettslege tilhøve. Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via eksisterande slamavskiljar til terreng. Kommunen har særleg lagt vekt på at auken av påslepp vil vere urin og kan i dette særskilde tilhøve godkjenna bruk av eksisterande anlegg med utslepp til terreng.

Kommunen legg til grunn at eksisterande avløpsanlegg er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 31.12.2019.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av

anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/6887

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Halvor Halvorsen
Vest Vvs As

Keilevegen 137 5953
Torvhusmyrane 5913
18

FONNES
EIKANGERVÅG